

## KONSERT, BRYGGING OG TV-OPPTAK

23.01.2012

**Laurdag 28. januar blir ein spesiell dag på Dønhaug.  
Då kjem musikaren RobertSmith-Hald til  
Dønhaugkjedlaren for å halde akustisk konsert.  
Men med på lasset blir NRK med eige TV-team for å laga TV-program  
der denne allsidige musikaren skal vera hovudpersonen.  
Programmet dei lagar inngår i serien "Underveis", eit  
program som blir sendt på NRK2 og NRK1.**

Fjernsynsteametskal først og fremst gjera opptak av konserten, men sidan Robert Smith-Hald også er fleire gonger Noregs-meister i øl-brygging, vil dei og gjera opptak der han er i aksjon som øl-bryggjar i Dønhaugkjedlaren. Både brygginga og konserten er åpen for publikum.

Robert Smith-Hald har hatt fleire speleoppdrag i Dønhaugkjedlaren, og set stor pris på lokalet og ikkje minst det publikum hanhar møtt her. Difor var deteit ynskje frå han at NRK skulle vera med til Dønhaug og Uskedalen når dei skulle gjera konsertopptak med han.

Det er ikkje til å leggja skjul på at vertskapet på Dønhaug er stolt av at han ville gjera konsertopptaket her. Robert Smith-Hald ynskjer at konserten denne kvelden skal vera som dei andre konsertane han har hatt her. Men p.g.a. av filminga, vil me maks ta inn 50 gjester.

Under konserten vil publikum få høyra både gamle låtar, men også nyefrå den komande CD-en "Thou Mayest", som blei spelt inn i Nashville sistsommar. Strengeimeisteren Vegard Henanger blir også med, og det blir nok ein eller fleire overraskinger.....

Robert kjem frå Pennsylvania (USA) og Bergen, og bør vera godt kjend for "Dønhaugspublikummet". Han blir samanlikna med bl.a. Bob Dylan, Neil Young og Bruce Springsteen, og er rost opp i skyene av Atle Bredal og Per Ole Hagen i NRK P1.

Bård Ose i NRK har uttalt at "Innocense Said" var årets beste CD då den kom ut i 2009. Tekstane på albumet fortel ei heilt spesiell historie signert låtskrivaren og personen Robert Smith-Hald. Dei er svært personlege og oppsummerar eit heilt spesielt levd liv. Ny CD, "Thou Mayest" blei spelt inn sist sommar og kjem ut no til våren.

Det vertikkje førehandssal av bilettar, men ein kan reservera plass på førehand. Viser elles til [www.dønhaug.no](http://www.dønhaug.no) og [www.robertsmith-hald.com](http://www.robertsmith-hald.com)

Av Magne Huglen